

15 med i ølmeisterskap

06.12.2013

Laurdag arrangerar Kvinnheringen kvinnheradmeisterskapen i ølbryggjing for femte gongen og det har meldt seg så mange som 15 lag frå alle kantar av kommunen. Også i år går dysten føre seg i Dønhaugkjedlaren i samarbeid med Humlepungen. Det vert tevla i juleøl og vanleg øl og kvinnelege dommarar skal for første gong avgjera det heile

Dei 3 domarane er Clara Hveem frå Halsnøy, Una Kolle frå Herøysund og Beate Hannisdal frå Dimmelsvik. Eventuelle etterpåmeldte kan levera øl framtil klokka 12 på Dønhaug. Det er også framleis ledige plassar i kjedlaren.